

Norddal kommune | Tiltak Vika Camping

Innhald:		side		side	
1	Premissar for planarbeidet	4	2.1	Målsetting	17
1.1	Bakgrunn for arbeidet	4	2.2	Framtidige avstandskrav for mobile einingar	17
1.2	Mediaoppslag	4	2.3	Avstandskrav branngater	17
1.3	Lokalisering av Muri Camping	6	2.4	Prinsippskisser for brannsikring	17
1.4	Gjeldande planar	6	2.4.1	Prinsippskisser for faste grupper bygd areal under 75 m ²	17
1.4.1	Kommuneplan for Norddal kommune	6	2.4.2	Prinsippskisser mobile konstruksjonar	18
1.4.2	Reguleringsplan Valldal vest, inkl. Muri camping	7	2.4.3	Prinsippskisser for faste og mobile konstruksjonar	18
1.5	Plan- og bygningslova med teknisk forskrift av 2010	8	2.4.4	Prinsippskisser for faste konstruksjonar	19
1.6	Generelt om brannsikring på campingplass	10	2.4.5	Prinsippskisser for brennbar levegg	21
1.6.1	Campingplassseigar har ansvar for campingplassen	10	2.5	Døme på brannskilje-konstruksjon EI-30	22
1.6.2	Ansvar hos campingplassseigar: Generelle førebyggjande tiltak	10	2.5.1	Frittstående brannskillevegg REI-30 ("levegg"):	22
1.6.3	Forskrift om brannforebyggjande tiltak (FOBTOT)	10	2.5.2	Berande og branncelleavgrensande yttervegg REI-30 (B30)	23
1.6.4	Norsk Caravan Club	11	2.5.3	Branncelleavgrensande yttertak REI-30 (B30):	23
1.6.5	Temarettleiar Brannssikkerhet på campingplasser	11	2.5.4	Brannsikert glas med brannmotstand EI-30	24
1.7	Definisjonar	12	2.6	Branntiltak for utbetring av dagens og framtidig situasjon	25
1.7.1	Generelle definisjonar	12	2.6.1	Ansvar hos campingplassseigar: Konkrete førebyggjande tiltak	27
1.7.2	Definisjon av spikartelt frå BE (Statens bygningstekniske etat)	13	2.6.2	Ansvar hos leigetakar: Konkrete førebyggjande tiltak	27
1.7.3	Kva er "rimeleg tid" for demontering av mobil konstruksjon?	13	2.7	El-tiltak på campingplass	28
1.8	Definisjon av mobile einingar på campingplass	13	2.7.1	Campingplassseigar sitt ansvar til el-tiltak	28
1.8.1	Mobil eining iht. SINTEF-Byggforsk	13	2.7.2	Leigetakar sitt ansvar til el-tiltak	28
1.8.2	Andre definisjonar på mobil konstruksjon:	14	3	Andre tiltak	29
1.8.3	Konklusjon mobile einingar i høve til brann	14	3.1	Estetiske tiltak	29
1.9	Definisjon av faste konstruksjonar på campingplass	15	3.1.1	Tiltak vedkomande fargebruk, storleik, rekkverk m.m.	29
1.9.1	Fast eining iht. SINTEF-Byggforsk	15	3.1.2	Tilråding mobile homes (villavogner)	30
1.9.2	Konklusjon på faste einingar i høve til brann	15	3.2	Vegetasjonstiltak	31
1.10	Generelle klassifiseringskrav iht. RBL (Reiselivsbedriftenes landsforening)	16	4	Dagens situasjon	31
2	Brannsikringstiltak - generelt	17	4.1	Prosess/medverknad	31
			4.1.1	Plankrav	31
			4.1.2	Planvedtak og verknad	31
			4.1.3	Medverknad Muri Camping	31
			4.1.4	Medverknad frå Ålesund brannvesen	32

4.2	Bruk av området i dag _____	32
4.3	Registreringar på Muri camping og tilliggande areal _____	32
4.3.1	Generelt om Muri _____	32
4.3.2	Funksjonar innanfor Muri _____	32
4.3.3	Tomtestorleik og avstandar mellom einingar _____	33
4.3.4	Arealutnytting og landskap _____	33
4.3.5	Friluftsiinteresser _____	33
4.3.6	Vegetasjon _____	33
4.3.7	Verneinteresser _____	34
4.3.8	Intern infrastruktur _____	34
4.3.9	Barns interesser _____	34
4.3.10	Estetikk og byggeskikk _____	34
4.3.11	Leigeavtale _____	35
5	Brannsikringstiltak Muri camping _____	36
5.1	Aktuelle tiltak på Muri camping _____	36
5.1.1	Metode utarbeiding situasjonsplan for Muri _____	36
5.1.2	Vurdering av situasjonsplan for Muri _____	36
5.1.3	Utfordring i delområde x _____	40
5.1.4	Oppsummering situasjonsplan Muri camping. _____	40
6	Vedlegg: Føresegner til kommuneplanen _____	41
7	Vedlegg teikningar/kart _____	43
8	Kjelder/bakgrunnsstoff _____	43

Forord

I denne rapporten skal vi drøfte situasjonen på Muri Camping. Dette er den fjerde campingplassen i Norddal kommune vi utarbeider rapport og situasjonsplan for. Den generelle delen er allereie utarbeidd i samband med dei to første rapportane for Jemtegård Feriesenter og Valldal camping. Vi har og utarbeidd rapport for Vika camping.

Dei første vurderingane i høve til arealplanen for Norddal (2008) knytt til campingplassane, dreide seg om krava i plan- og bygningslova om søknadsplikt, avstandskrav og estetikk. **Vi vil understreke at denne rapporten tar utgangspunkt i dagens situasjon, uavhengig av om tiltaket er lovleg eller ikkje etter plan- og bygningslova.**

Vårt oppdrag har her vore å vurdere det som allereie er oppført, og vurdere kva for brannsikringstiltak som kan gjere campingplassen til ein tryggare stad å feriere på.

Det har i lang tid vore manglande fokus på brannsikring av campingplassar generelt i heile landet. Campingplassar har gjennomgått enorme endringar dei seinare år. Der dei i si tid hadde temporær karakter (flyttbare små campingvogner med enkle fortelt), har det etterkvart utarta seg til å omfatte store og vanskeleg flyttbare vogner med permanente tilbygg. I realiteten framstår mange campingplassar som tilnærma hyttegrender.

Det ser ut til at tendensen til denne "hyttebygginga" er meir utbreddt på Vestlandet og andre verutsette stader enn elles i landet, truleg av omsyn til at campingfolket ønskjer betre komfort på ruskedagar, samt sikring av verdiar. Men motivet over landet generelt er nok heller den at dette er ein billeg og enkel måte å få seg ei hytte på.....

Nordplan Ålesund, 27.05.2011.
Lesley Robinson og Grete Valen Blindheim

1 Premissar for planarbeidet

1.1 Bakgrunn for arbeidet

Nordplan AS, ved sivilarkitekt Lesley Robinson og innleid konsulent sivilarkitekt Grete Valen Blindheim, utarbeider på vegne av Norddal kommune ein brannsikringsrapport med situasjonsplan som legg rammer og føringar for Muri camping, basert på dei erfaringar vi har gjort med dei to første campingplassane.

Bakgrunn for arbeidet har vore arealplanens krav til utforming av campingplassar i Norddal kommune. I det vidare arbeid er det lagt hovudvekt på brannsikring i tråd med brannforskrifter og plan- og bygningslova. Det estetiske og el-messige skal og vurderast, men dette blir tona ned i høve til brannsikring som har hovudprioritet.

Vi skal i det følgjande vurdere eksisterande situasjon og moglege løysingar.

Lars Kjell Smoge har vore kontaktperson i kommunen, og Johnny Stølen kontaktperson i Ålesund brannvesen. Nordplan har i tillegg nytta eigen kompetanse ved branningeniør Dag Inge Bjørkedal. Vi har ikkje hatt dialog med campingplassseigar på Muri camping pga sjukdom.

1.2 Mediaoppslag

Medieoppslag er ikkje premiss for vårt arbeid, men det er likevel interessant å gløtte til noko av det som har vore framme i media dei siste par åra. Brannvernforeninga har i fleire mediaoppslag uttrykt at dei fryktar ein må oppleve ei alvorleg brannulykke med fleire dødelege utfall før ein tek avstandskrava mellom campingeingingane på alvor, og med påfølgjande "nasjonal opprydding" på campingplassar. Heldigvis har det skjedd færre dødsfall enn det ein kunne vente seg, sjølv om det er langt større sannsynlegheit for ein brann i ei campingeining (pga utstrakt bruk av gass og lett brennbare material) enn i ein vanleg bustad.



Foto: Råde – Østfold.

Utdrag frå NRK.no 16.09.2010:
"Det var stor fare for spredning, men
brannvesenet fikk kontroll over
flammene og forhindret en storbrann. "



Foto: "Storbrann på campingplassen Hatteng i Troms".

Utdrag frå NTB-nyhet 07.11.2009:

"Norsk brannvernforening frykter katastrofebranner på norske campingplasser og vil ha økt sikkerhetsavstand mellom campingvogner, bobiler og telt. (-)

Det er særlig faren for brannspredning mellom oppstilte campingvogner, bobiler og telt som bekymrer Brannvernforeningen. For å unngå spredning og utvikling til katastrofebrann bør minste avstand mellom oppstilte campingenheter helst være 4 meter og ikke 3 meter slik kravet på norske campingplasser har vært til nå, mener Brannvernforeningen. (-)

Foto Heimsand camping, Vågå



Utdrag frå GD.no 27.09.2010:
Heimsand camping, Vågå.

"Kroken på døra med nye brannforskrifter

Heimsand camping i Sjødalen må fjerne 25 campingvogner og flytte på 75 spikartelt på grunn av nye brannforskrifter. Det er kroken på døra. Kvifor skal Vågå kommune absolutt innføre slike forskrifter når ingen andre ser ut til å gjera det, spør Tor Erik Moen ved Besseggen Fjellpark Maurvangen og Roger Skogum ved Heimsand camping og Postfuru fjellcamp. Nye brannvernforskrifter er mildt sagt i ferd med å snu om på campingplassane.

Frå tre til åtte meter

For Heimsand kan det bety nedlegging. Her er det 100 tettstående campingvogner, dei fleste med spikartelt. Nye krav med oppjustert avstand frå tre til åtte meter, gjer at Skogum må kvitte seg med ein fjerdedel av belegget, i alt 25 vogner. I tillegg må resterande 75 flyttast og omrokerast. Det er litt av ein jobb. (-)


Ingen veg attende

- Nei, dette gjeld ikkje berre Vågå. Dette er sentrale forskrifter i plan- og bygningslova og i brannvernlova som skal innførast over heile landet. Men vi er tidleg ute og ønskjer å vera det for å gjera det trygt og sikkert rundt om på campingplassane, seier Jostein Gårderløkken.

Brannsjef og teknisk sjef i Vågå kommune ser på innstramminga med andre augo enn campingvertane. Ved å vera tidleg ute med godkjente sikringstiltak kan ein stå klar til å ta i mot campinggjestar som må flytte når det blir innført same reglar på andre sida av fjellet. (-)"

1.3 Lokalisering av Muri Camping

Muri camping ligg i nærleiken av Valldal sentrum i Norddal kommune. Avkøyringa til campingplassen ligg frå hovudvegen gjennom sentrum.



1

Nordplans anmerkning: Dette bør primært gjelde mobile einingar.

1.4 Gjeldande planar

1.4.1 Kommuneplan for Norddal kommune

Arealdelen av kommuneplanen	Vedtatt 25.06.09
NB! Areal i kommuneplanen som er omfatta av oppskyllingshøgda frå fjellskredrelatert flodbølgje frå Åknes/Heggurdaksla, er unntatt rettsvirkning, og skal vurderast i eiga sak. Innanfor desse areal ligg fleire campingplassar. For å få lik behandling av alle campingplassane skal alle vurderast under eitt.	Reviderte føresegner har vore til offentleg høyring, og er foreslått revidert i tråd med merknad frå fylket, april 2011. Vedtak xx.xx.xx

I dei nye føresegner til arealdelen i kommuneplanen (med påfølgjande retningslinjer), er foreslått m.a.:

- Utviding av etablert campingplass eller ny campingplass utløysar krav om regulering.
- Det er ikkje krav til regulering av allereie etablert campingplass, men det skal ligge føre ein bindande situasjonsplan som viser campingkvarter, tilkomstveggar og branngater. Situasjonsplanen skal godkjennast av Planutvalet i Norddal kommune.
- Oppstillingsområde på maks. 1000 m² må minst ha eit 6 m breitt ope felt (branngate)¹ rundt.
- Villavogner (mobile homes) kan oppførast utan byggjeløyve, men vilkår om plassering berre på flatt terreng, og med platting på terreng.
- Campingvogn som skal definerast som mobil, må ha påmonterte hjul, og trekkanordninga må vere plassert slik at det er lett tilgjengeleg for rask fjerning av vogna.
- Minste avstand mellom kvar campingeining med mobil vogn og/eller telt, skal minst vere 3 m (tilrår 4 m) frå enkelt del av campingeining til næraste enkelt del av naboeining.
- Minste avstand mellom kvar campingeining med fast vogn og/eller spikartelt/tilbygg skal vere 8 m, elles må andre brannsikringstiltak gjennomførast.
- Bil utan overnattingseining kan plasserast i mellomrommet (3 m mellom).

Forts. føresegner arealdelen:

- Det skal søkast løyve til etablering av faste konstruksjonar som tilbygg/overbygg/spikartelt/fortelt, leveggar og plattingar høgare enn 0,5m. Campingplasseigar skal gi løyve til tiltak i samsvar med kommuneplanens føresegner. For nye tiltak skal campingplasseigar sende gjenpart til kommunen for tiltak det er gitt løyve til, med all dokumentasjon.
- For tiltak som ikkje er i tråd med føresegner i kommuneplanen, må tiltakshavar sende søknad med dispensasjon til kommunen etter at campingplasseigar har godkjend tiltaket. Om campingplasseigar ikkje vil godkjenne tiltaket, kan ikkje kommunen gi løyve. Tiltaket kan ikkje tilsidesette viktige avstandskrav eller andre krav til brannsikring.
- Fargebruken på spikartelt skal avstemmast etter vogna for eit mest mogleg nøytralt preg.
- Høgde på brannskiljekonstruksjonar må ha naudsynt høgde for å fungere som brannskilje (normalt opptil høgste punkt på eininga).
- Platting skal vere maks. 30 m². Den skal fortrinnsvis ligge på terreng. Platting som ligg direkte på terreng og som ikkje har rekkverk eller leveggar kan evt. utvidast til 3 m frå naboeining (dvs. vere større enn 30 m².)
- Rekkverk skal ikkje vere høgare enn 1,0 m og leveggar maks. 1,8 m (helst lågare) i inntil 10 m samla lengde.
- For etablert situasjon i strid med føresegner, gjeld ei overgangsordning på 2 år frå føresegnene er vedtatt til tiltaket må vere i tråd med føresegnene. Ved fornying av leigekontraktar må campingplasseigarane krevje at vogneigar tilpassar seg det nye regelverket.

For etablert situasjon med spikartelt/plattingenr m.m. vedrørande dei høve som **ikkje har med brannforskrifter/branntryggleik** å gjere, skal ikkje dei nye føresegna og retningslinjene ha tilbakeverkande kraft. Campingføresegner i kommuneplanen skal gjelde framfor reguleringsplanføresegner der det er motstrid mellom kommuneplan og reguleringsplan.

1.4.2 Reguleringsplan Valldal vest, inkl. Muri camping

Reguleringsføresegner Valldal vest

Vedtatt 06.08.1987



Reguleringsplanen for Valldal sentrum vest, viser Muri Camping (mørkegrøn farge) slik det var regulert i 1987 (kartet blei revidert i 1988). Campingplassen er seinare utvida mot nord og aust utover formålsgrensa, dvs. at denne utvida delen ikkje er regulert.

I føresegner til reguleringsplanen for Valldal vest, står mellom anna spesielt om campingplassen:

- Utleiehytter som ledd i drifta av campingplassen kan oppførast på området.
- Ved byggemelding av nye hytter skal det fylgje situasjonsplan som viser plassering i høve til eksisterande utnytting av området.
- På området kan det stillast opp campingvogner og andre lause innretningar for ferie og fritidsbruk for ubestemt tid.

1.5 Plan- og bygningslova med teknisk forskrift av 2010

Det er vedtatt ny plan- og bygningslov med tekniske forskrifter, der byggesaksdelen av lova trådte i kraft 01.07.2010. Overnatting i fritidsbustad eller sjølvbetente hytter er det mest nærliggende å samanlikne campingplass med når ein skal vurdere risikoklasse. Ålesund brannvesen stadfester at opphald på campingplass gir risikoklasse 4 og brannklasse 1, som for bustad. M.a.o. er fast campingvogn + spikertelt/tilbygg å sjå på som "byggverk".

Utdrag frå byggtেকnisk forskrift TEK 2010:

Vedkomande § 11-6 Tiltak mot brannspreiing mellom byggverk

TEK 2010 §11-6, 1. ledd:

"Brannspredning mellom byggverk skal forebyggjes slik at sikkerheten for personer og husdyr ivaretas, og slik at brann ikke kan føre til urimelige store økonomiske tap eller samfunnsmessige konsekvenser."

Utdrag frå rettleiing til byggtেকnisk forskrift vekomande 1. ledd:

"Avstanden mellom et byggverk som brenner og nabobyggverk er avgjørende for i hvilken grad nabobyggverket vil være truet av brannen. Faren for spredning av brann fra et byggverk til et annet er normalt til stede når avstanden mellom byggverkene er mindre enn 8,0 m. Brannspredning mellom byggverk kan forebyggjes ved å

- *etablere tilstrekkelig avstand mellom byggverkene, slik at varmestråling, flammepåkjønning og nedfall av brennende bygningsdeler ikke antenner nabobyggverk, eller*
- *benytte brannvegg med tilstrekkelig brannmotstand, bæreevne og stabilitet.*

Når avstanden mellom byggverk er 8,0 m eller mer, anses faren for brannsmitte å være liten og det er vanligvis ikke behov for brannmotstand i yttervegger eller tak."

Forts. utdrag frå byggtেকnisk forskrift TEK 2010:

Vedkomande § 11-6 Tiltak mot brannspreiing mellom byggverk

TEK 2010 §11-6, 2. ledd:

"Mellom lave byggverk skal det være minimum 8,0 m innbyrdes avstand, med mindre det er truffet tiltak for å hindre spredning av brann mellom byggverkene i løpet av den tid som kreves for rømning og redning i det andre byggverket."

Utdrag frå rettleiing til byggtেকnisk forskrift 2010 vedkomande 2. ledd:

"Byggverk forbundet med eller som omhyller campingvogner, bobiler m.v. ("spikertelt"), er omfattet av bestemmelsen for lave byggverk. Brennbare konstruksjoner som har høyde mer enn 0,5 m over terreng (terrasser, leegger m.v.) medregnes som del av byggverket. (-)"

Pkt. 1: "Avstanden mellom lave byggverk kan være mindre enn 8,0 m når byggverkene er skilt med branncellebegrensende bygningsdel eller bygningsdeler i hvert av byggverkene, som til sammen gir samme brannmotstand."

Pkt. 3: "Små campinghytter med ett rom som har direkte utgang til det fri, og som nyttes til utleie som overnattingssted uten betjening, kan ha mindre avstand enn 8,0 m uten branncellebegrensende bygningsdeler dersom samlet bruttoareal for en gruppe av hytter er maksimalt 75 m². Avstanden mellom hver slik gruppe må være minst 8,0 m hvis gruppene ikke er skilt med branncellebegrensende bygningsdeler. Brennbare konstruksjoner som har høyde mer enn 0,5 m over terreng medregnes ved beregning av avstand. Tilsvarende må det være avstand 8,0 m eller branncellebegrensende bygningsdeler mot andre byggverk."

Pkt. 4: "Campingenheter bestående av campingvogn, bobil eller telt og lignende med tilhørende fortelt, terrasser, leegger mv., må skilles med avstand minimum 3,0 m. Brennbare konstruksjoner som har høyde mer enn 0,5 m over terreng medregnes som del av campingenheten. Bil som ikke er beregnet for overnatting kan plasseres i mellomrommet mellom campingenhetene."

Forts. Utdrag frå byggt teknisk forskrift TEK 2010:

Vedkomande § 11-6 Tiltak mot brannspreiing mellom byggverk

TEK 2010 §11-6, 3. ledd:

“Når lave byggverk oppføres med mindre avstand enn 8,0 m, skal byggverkenes samlede bruttoareal begrenses slik at en brann ikke gir urimelig store økonomiske tap, med mindre det er iverksatt andre tiltak som forebygger slike tap.”

Utdrag frå rettledning til byggt teknisk forskrift vedkomande 3. ledd:

“Campingplasser må deles opp i parseller med grunnareal maksimalt 1200 m². Mellom parsellene må det være avstand minst 8,0 m. Hensikten er å hindre brannspredning og sikre tilgjengelighet for brannvesenet.”

Utdrag frå byggt teknisk forskrift TEK 2010:

Vedkomande § 11-16 Tilrettelegging for manuell slokking

§11-16, 1. ledd:

“Byggverk skal være tilrettelagt for effektiv manuell slokking av brann.”

§11-16, 2. ledd:

“I eller på alle byggverk der brann kan oppstå, skal det være manuelt brannsløkkeutstyr for effektiv sløkkeinnsats i brannens startfase. Dette kommer i tillegg til et eventuelt automatisk brannsløkkeanlegg.”

§11-16, 3. ledd:

“Brannsløkkeutstyret skal være plassert slik at effektiv sløkkeinnsats kan oppnås. (-)”

§11-16, 4. ledd:

“Brannsløkkeutstyret skal være tydelig merket, med mindre det bare er beregnet for personer i én bruksenhet og personene må forventes å være godt kjent med plasseringen.”

Utdrag frå rettledning til byggt teknisk forskrift TEK 2010:

Vedkomande § 11-16, 2. ledd:

“Byggverk må ha brannslanger eller håndsløkkeapparater.

Håndsløkkeapparater har forskjellige bruksområder og effektivitetsklasser og det må derfor velges egnet apparat.”

Preakseptert ytelse: (-)” Byggverk i risikoklasse 1,2 og 4 må ha enten

håndsløkkeapparat eller egnet brannslange som rekker inn i alle rom.”

Vedkomande §11-16, 4. ledd:

“Stedene hvor manuelt sløkkeutstyr er plassert skal være tydelig markert med skilt. Skiltene bør være etterlysende (fotoluminiserende) eller belyst med nødlys. Tilvisningsskilt for sløkkeutstyr må stå på tvers av ferdselsretningen. For materiell som krever bruksanvisning, skal denne finnes på eller ved materiellet, også på de mest aktuelle fremmedspråk.”

1.6 Generelt om brannsikring på campingplass

1.6.1 Campingplassseigar har ansvar for campingplassen

Brann- og eksplosjonsvernlova gir den som driftar campingplassen ansvar og plikt til å sørge for å førebyggje og avgrense brann, eksplosjon eller anna ulykke. Vi gjer merksam på at vi i denne rapporten omtalar den som 'driftar campingplassen' som 'campingplassseigar' for å gjere det enkelt, da driftar og eigar i dei fleste tilfelle er same person(ar).

Overfor leigetakar må einkvar campingplassseigar presisere kva som er akseptabelt eller ikkje, og det påkvilar kvar eigar eit stort ansvar å sørge for at lover, forskrifter og kommunale føringar blir overhalde. Brannvesenet har registrert ei utvikling over fleire år der ansvaret har blitt pulverisert ved at campingplassseigarar har latt enkelte leigetakarar få stor handlefridom m.o.t. bygging. I mange høve har det ført til at branntryggleiken er blitt skadelidande.

Konsekvensane av dette kan som tidlegare nemnd bli alvorlege og i verste fall katastrofale. Tida er derfor inne for å rydde opp i brannsikringstilhøva.

1.6.2 Ansvar hos campingplassseigar: Generelle førebyggjande tiltak

Etter krav i forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid (se §5 internkontrollforskriften), skal campingplassseigar få utarbeida ei risikovurdering. Som følgje av dette skal det utarbeidast ein plan for førebyggjande tiltak mot brann og andre ulykker for å unngå tap av menneskeliv, personskadar og avgrensing av tap av materielle verdiar. I denne samanheng skal det vere:

- Utarbeidd heilskapleg plan.
- Vegar som sikrar tilkomst for brannvesen og anna redningspersonell.
- Tilstrekkeleg belysning av campingplassen.
- Utarbeidd plan for fjerning av campingvogner ved brann.
- Utarbeidd plan for plassering av brannslökkingsutstyr, der ettersyn, vedlikehald og kontroll av dette utstyret må dokumenterast.
- Handbrannsløkkarar og/eller brannslangar må plasserast med min. 50 m avstand til kvar campingeining.

- Utarbeidd plan for avfallshandtering.
- Eigen tryggleiksinstruks for campingplassen på fleire språk m.a. norsk, engelsk, tysk og fransk. Instruksen må gi reglar for bruk av brannfarleg vare, oppbevaring av avfall, bruk av open eld, varsling til brannvesenet m.m. Denne instruksen plasserast rundt om på campingplassen og må vere godt synleg.

1.6.3 Forskrift om brannforebyggjande tiltak (FOBTOT)

Forskrifta skal verne liv, helse, miljø og materielle verdiar gjennom krav til førebyggjande tiltak mot brann og eksplosjon. Iht. forskrifta (FOBTOT) er følgjande krav til brannsikring for campingplassar:

"for campingplasser (-) kan bestemmelsene knyttet til seksjonering og branncelleinndeling normalt ikke tillempes direkte etter TEK. Det bør likevel "seksjoneres" i form av avstand mellom enheter eller grupper av enheter (-)"

Vidare står det:

- *Det bør minst vere 3 m frå enkeltdel av campingeining til næraste enkeltdel av naboeining.*
- *Bil utan overnattingsmoglegheit kan dog plasserast i mellomrommet.*
- *Det bør vere eit opent felt med minst 6 m breidde for kvart 1000 m² grunnareal.*
- *Eigar/innehavar av campingplass bør på førehand ha avklart med kommunens bygningsmyndigheit korleis campingeininger med tilbygg av ulike brennbare "varige" konstruksjonar kan utformast.*
- *I campingkøytøy som nyttast til overnatting bør det installerast røykvarslar og handslukkar.*

Det står under generelle krav i FOBTOT at eigar av eitkvart brannobjekt (vår kommentar: dvs. leigetakar) skal sørge for at det er utplassert hensiktsmessig type og tilstrekkeleg antal manuelt sløkkeutstyr, (som t.d. brannslange, mobile brannsløkkar, handslokkar, brannteppe, gressbrannsløkkar). Det er krav om handslokkar eller brannslange som rekk inn i alle rom. Det er for øvrig iht. forskrift om bruk av køytøy krav

om pulverapparat i registrerte campingbiler og campingvogner. Sjå liste over tiltak i pkt. 2.5 seinare i rapporten.

1.6.4 Norsk Caravan Club

Norsk Caravan Club har innført ein praksis på minimum **4 m mellom mobile campingeininger** på sine campingplassar, ikkje 3 m i tråd med dagens regelverk. Det er og mange campingplassar i Noreg som allereie praktiserar 4 m-regelen, men ein ser at auken til 4 m er meir utbredt på campingplassar rundt om i Europa. Det er berre eit tidsspørsmål før det blir innført som eit forskriftskrav her i Noreg, som følgje av nye EU-krav.

1.6.5 Temarettleiing Brannsjikkerhet på campingplasser

Det er i 2010-2011 utlagt temarettleiing på høyring fleire gonger. No i april 2011 er endeleg utgåve gitt ut: "TV 003 temaveiledning frå Norsk Brannvernforening – Brannsjikkerhet på campingplasser, arbeidsleire og teltleire." Rettleiinga er mynta på campingplassseigarar og -brukarar og prosjekterande av campingplassar og leire. Den foreslår ei rekke førebyggjande tiltak. Vi har først teke utgangspunkt i ei mellombels utgåve vi har motteke frå Brannvernforeninga. Den endelege utgåva av temarettleiinga har resultert i ny revisjon av campingføresegner (revisjon B pr. 10.06.2011), samt revisjon av tilhøyrande rettleiingsdel.

I temarettleiinga legg Brannvernforeninga stor vekt på at 3 m-regelen (frå 1970) er utdatert, då det har skjedd ei stor utvikling av campingplassar og storleik på einingar med tilhøyrande endra branntekniske eigenskapar sidan 1970-talet. Varmestrålinga ved brann har auka vesentleg, med fare for brannsmitte frå ei eining til ei anna. Som følgje av det meiner Brannvernforeninga at 3 m er for kort avstand, og tilrår minst 4 m mellom einingane. Det vil kome som krav i nær framtid.

I all hovudsak er det samsvar mellom temarettleiinga frå Brannvernforeninga og denne rapporten, den nylig utgitte utgåva er meir presis og utfyllande enn tidlegare versjonar.

Vi vil gjere merksam på at Brannvernforeninga vurderar at det i ei campingeinering med mobil campingvogn og tradisjonelt fortelt av duk, er tilstrekkeleg med ein innbyrdes avstand mellom levegg – naboelvegg (i brennbar materiale) på 4 m, når desse ikkje er høgare enn 1,5 m over platting, og platting ikkje er høgare enn 0,5 m over terreng. Ålesund Brannvesen sluttar seg til denne vurderinga. Dette er mindre "strengt" enn det vi først tok utgangspunkt i i føregåande versjonar av vår rettleiing, og er årsaka til at vi no har utarbeidd ny revisjon. Dette blir omtalt i pkt. 2.4.5.


Det blir presisert at spikartelt (av ulike materialer) er å sjå på som faste konstruksjonar, med avstandskrav 8 m eller behov for tiltak i høve til brann.

Elles påpeikar Brannvernforeninga at det er uheldig at campingkvartalstorleik og innbyrdes avstand er ulik i høve til rettleiinga til TEK. Dette blir omtalt nærare i pkt. 2.3.

Fotoa her er henta frå temarettleiinga. Dei er tekne av Norsk brannvernforening (v/Thor Kr. Adolfsen) under eit brannforsøk. Det var tilnærma vindstille då forsøket blei gjennomført. Dei visar kor raskt brannen spreiar seg, og kor viktig det er med avstand til einingane.



Påtent campingvogn,
raud sirkel viser kor
brannen starta.
Tid: 0 min.



Bilens lakk blir påtent.
Tid: 4 min og 43 sek.



Nabovogn antent.
Tid: 6 min og 22 sek.



Avstand på 3 m
mellom vognene.
Nabovogna blir antent
pga strålevarmen frå
den overtente vogna.
Tid: 20 min.



Nabovogner er
utbrende.
Raud sirkel viser kor
brannen starta.
Tid: 25 min.

1.7 Definisjonar

1.7.1 Generelle definisjonar

Det er viktig å klargjere omgrepa som vert nytta i rapporten her. Definisjonane på enkelte område er ikkje standardiserte, men vi har her nytta definisjonar frå m.a. Brannvernforeninga, Statens byggtokniske etat og SINTEF/Byggforsk.

Nokre omgrep (særleg frå Brannvernforeninga si temaveiledar) vi vil bruke mykje i denne rapporten:

- **Campingeining** er ein samanstilling av campingvogn (evt. bobil), fortelt/spikartelt/tilbygg, platting og levegg.

- **Campingkvartal** er ei samling campingeiningar på inntil 1000 m² oppstillingsområde (også kalla oppstillingsområde).
- **Spikartelt** er ein fast hytteliknande konstruksjon i tilknytning til campingeininga, laga av anna materiale enn seilduk. Kan vere utført i tre eller ulike type sandwichmaterialar og liknande. Dvs. at isoplast-telt er å sjå som eit spikartelt.
- **Leigetakar** av campingtomt er den som bur i ei campingeining på campingplassen.
- **Campingplasseigar** har vi her kalla den som driftar campingplassen, då det ofte er same person som både driftar og eigar campingplassen. Som nemnd tidlegare er det i realiteten forskjell på driftar og eigar.

1.7.2 Definisjon av spikartelt frå BE (Statens bygningstekniske etat)

I flg. BE er kvart spikartelt å sjå som eigen branncelle, og må derfor utførast som eigen branncelle. Spikartelt med innbyrdes avstand mindre enn 8 m, må vere skild med branncelleavgrensande bygningsdel, eller anna avbøtande tiltak.

1.7.3 Kva er "rimeleg tid" for demontering av mobil konstruksjon?

Eit stadig tilbakevendande omgrep er at ein konstruksjon er mobil (i brannsamheng) om den innan rimeleg tid kan flyttast eller demonterast.

I følgje Brannvesenet og Brannvernforeninga har ein berre nokre få minuttar på seg til å flytte dei mobile delane av ei campingeining i ein naudsituasjon ved brann, jfr. m.a. bilda frå brannforsøk tidlegare i rapporten.

Derfor er det vesentleg at eininga/elementet kan flyttast frå brannområdet eller demonterast og leggjast flatt i løpet av kun 5-10 min.

1.8 Definisjon av mobile einingar på campingplass

Det er og vesentleg for forståing av brannkrav og plan- og bygningslova at ein har klare definisjonar på mobile og faste konstruksjonar. Det er mange som ikkje forstår, eller dei vel å tøyse grensene for dette.

1.8.1 Mobil eining iht. SINTEF-Byggforsk

Definisjon av mobil eining iht. anvisning "386.005 Campingplasser" i Byggforskserien fra SINTEF-Byggforsk:

Mobile konstruksjonar er konstruksjonar som raskt kan fjernast, til dømes i samband med ein brann. Døme er telt, campingvogn med eigne hjul, treterrassar som raskt kan fjernast eller fortelt (spikartelt²) som ikkje har fast forbinding til campingvogna.

² Nordplans anmerkning til begrepet "spikartelt" her:
Ved direkte kontakt med SINTEF/Byggforsk får vi vite at begrepet "spikartelt" må sjåast i samanheng med definisjonen på faste konstruksjonar (sjå pkt. 1.8.1) som omtaler trefortelt av permanent karakter. Dette underbygger at begrepet "spikartelt" slik det normalt blir brukt ikkje høyrer heime under definisjonen av mobile konstruksjonar. Med andre ord at spikartelt skal takast ut av definisjonen på mobile konstruksjonar for å unngå misforståing.

1.8.2 Andre definisjonar på mobil konstruksjon:

Iht. Norsk Caravan Club er eit spikartelt ein mobil konstruksjon om det er laga av maks. 4 element som er demonterbare innan éin time³.

1.8.3 Konklusjon mobile einingar i høve til brann

Den raude tråden for mobile einingar må vere at dei faktisk **ER lett og raskt flyttbare ved brann**. I ein naudsituasjon der brann oppstår på ein campingplass, kan vi ikkje sjå at det er vesentleg om campingvogna er registrert eller avskilta, så lenge den har påmonterte hjul og raskt kan fjernast frå brannfarleg område. Dette gir følgjande definisjon:

DEFINISJON MOBILE EININGAR I HØVE TIL BRANN:

- Campingvogn el. mobile homes (villavogner) som har påmonterte hjul, ikkje er innebygd og raskt kan fjernast
- Telt og fortelt av "vanleg" telt-materiale (duk)
- Rekkverk og levegg som består av få element og ikkje er fastmontert i vogn eller spikartelt/fortelt, dvs. raskt kan leggest horisontalt
- Brennbar levegg lågare enn 1,5 m over platting (berre ved mobil campingvogn + "vanleg" fortelt), og platting inntil 0,5 m over terreng.



Mobil eller fast konstruksjon? Foto frå Valldal camping.



Døme på mobile konstruksjonar: campingvogn + tradisjonelt fortelt øverst, mobil campingvogn nederst. Lett og raskt flyttbart.

³ Iht. brannvesenet har ein ikkje meir enn 5-10 minuttar å flytte ein mobil installasjon på når det bryt ut brann.

1.9 Definisjon av faste konstruksjonar på campingplass

1.9.1 Fast eining iht. SINTEF-Byggforsk

Definisjon av fast eining iht. anvisning "386.005 Campingplasser" i Byggforskserien fra SINTEF-Byggforsk:

Faste konstruksjonar er konstruksjonar som ikkje raskt kan fjernast, til dømes campingvogner som er avskilta, har fast forbindelse til bakken eller er fundamentert, campinghytter, kolonihagehytter, terrassar og trefortelt som har permanent karakter og toalett- og serviceanlegg.

1.9.2 Konklusjon på faste einingar i høve til brann

Den raude tråden for definisjon av faste einingar i høve til brann, må vere at dei **ikkje kan flyttast raskt nok** (dvs. innan 5-10 minuttar), eller at dei har permanent karakter.

I følge Ålesund brannvesen genererer eit isoplast fortelt mykje meir varme og brannsmitte enn eit tradisjonelt fortelt i duk, sjølv om dei er såkalla "self-extinguishing" (sjølv-slokkande) når brannkjelda fjernast.

I motsetning til vanleg fortelt, er det lite truleg at ein kan demontere eit plast-fortelt i løpet av dei kritiske 5-10 minuttane som Brannvesenet legg vekt på. Dermed må eit isoplast-telt vere å sjå på som ein fast konstruksjon med omsyn til brann, sjølv om det er ein transportabel konstruksjon elles.

DEFINISJON FASTE EININGAR I HØVE TIL BRANN:

- Plassbygde eller elementbygde konstruksjonar/fortelt (isoplast-telt + spikartelt av tre). Bod og overbygde areal.
- Platting 0,5 m over terreng med rekkverk >1m eller levegg
- Rekkverk over 1 m og levegg montert fast i vogn og/eller spikartelt/fortelt.
- Brennbar levegg høgare enn 1,5 m over platting (berre ved mobil campingvogn + "vanleg" fortelt), og platting inntil 0,5 m over terreng.
- Over- og innebygging av campingvogn eller fortelt (sjølv om campingvogn/fortelt er mobile).



Sjølv om isoplast-telt er demonterbart, kan det ikkje demonterast raskt nok ved branntilløp, og må derfor definerast som ein fast konstruksjon i høve til brann.



Ved branntilløp er "mobile homes" å sjå som faste konstruksjonar. Har dei hjul påmontert og kan flyttast raskt frå brannstaden, er dei mobile i høve til brann.





Innebygging (inkl. overbygging) av campingvogner gir faste konstruksjonar. Alle bildar er frå Jemtegård feriesenter.

1.10 Generelle klassifiseringskrav iht. RBL (Reiselivsbedriftenes landsforening)

RBL har generelle minimumskrav som gjeld alle kategoriar av campingplassar, mellom anna:

- *Lokale og sentrale myndigheites godkjenning av campingplassen og bygningane*
- *Ordensreglar på fleire språk*
- *Brannberedskap som til ei kvar tid tilfredsstiller myndigheitskrava*
- *Førstehjelpsutstyr*
- *Informasjonstavle ved resepsjon/inngang og intern skilting, inkl. skilting av alle servicetilbod samt brann- og førstehjelpsutstyr*
- *Internt vegsystem med gode siktilhøve og bæredyktig også i nedbørsperiodar*
- *Tilgang til telefon*
- *Godkjend tappestad for drikkevann*
- *Toalett, dusjar og vaskeplassar som tilsvarar plassen sin kapasitet*
- *Tømmestad for ureint vann med godkjend avløp*
- *Tilstrekkeleg antal lukka avfallsbeholdarar*
- *Tømmestad for grillkol*
- *Rutiner for internkontroll*

2 Brannsikringstiltak - generelt

2.1 Målsetting

Det er ei utfordring å tilpasse eksisterande situasjon på campingplassane til dagens regelverk med omsyn til brannsikring. I det følgjande er det drøfta generelle problemstillingar og tiltak.

Målsettinga med dette arbeidet er :

- Å kome fram til konkrete tiltak som kan gi tilfredsstillande brannsikring av etablert situasjon.
- Å gi ein enkel oversikt over dei tiltaka som må til for brannsikring av nye campingtomter ved utviding/nyetablering innan campingplassen.

2.2 Framtidige avstandskrav for mobile einingar

Vi tek utgangspunkt i gjeldande regelverk, med eit minimumskrav på 3 m for mobile einingar. Men vi vil understreke at det vil vere ein fordel om campingplasseigarar allereie no tar høgde for 4 m mellom mobile einingar – så står dei betre rusta overfor den forventa regelendringa og i høve til dei tiltaka som då må gjennomførast.

2.3 Avstandskrav branngater

Branngater (sikringssoner) skal i tråd med Brannvernforeninga ikkje vere mindre enn 6 m frå "ytterste" del av campingeininga til ytterste del av nabo-kvartal. **Branngata skal vere fri for objekter/konstruksjonar/bygg/køyrerøy m.m.** Unntaket er om plattingen er direkte på terreng (dvs. heilt flatt på terreng utan nokon form for oppbygging eller rekkverk/leveggar). Branngata skal sørge for tilstrekkeleg avstand mellom campingkvartala i fall brann, og skal gje plass for utrykningskøyrerøy, slokkeutstyr og personell.

Som vist i pkt. 1.6.5 vedkomande rettleiinga til TEK 2010 §11-6, 3. ledd, så er det ei preakseptert løysing med campingkvartal på 1200 m² og med branngater/sikringssone på 8 m mellom desse. Brannvernforeninga har påpeika denne usemja overfor BE, og det skal vere ein prosess på gong i høve til å samordne krav til storleik campingkvartal og breidde på branngate. Vi vil tilrå det same som Brannvernforeninga/FOBTOT (campingkvartal på 1000 m² og 6 m sikringssone), men preakseptert løysing i tråd med TEK må ein kunne nytte.


2.4 Prinsippiskisser for brannsikring

2.4.1 Prinsippiskisser for faste grupper bygd areal under 75 m²

Iht. tidlegare plan- og bygningslov (1985) har det vore mogleg å etablere faste grupper med bygd areal under 75 m², med berre 3 m mellom einingane. Men avstand mellom kvar gruppe må vere over 8 m, sjå skisse under. No er teksten i lova endra noko, men tidlegare praksis er framleis relevant for plassering av småhytter, om enn ikkje så relevant for campingeiningar pga auken i storleik på einingane dei seinare åra.

Ei gruppe på 75 m² bruksareal som vist på skissa må omfatte relativt små campingvogner og spikartelt om det skal vere rom for fleire einingar innanfor gruppa (platting reknast ikkje med i bruksarealet). Kvar eining (vogn og spikartelt, ekskl. platting) må i gjennomsnitt ikkje vere meir enn

- 18 m² - skal ein ha plass til 4 einingar innafor gruppa
- 25 m² - skal ein ha plass til 3 einingar
- 37,5 m² for 2 einingar




Raud stipla strek syner eit grunnareal på maks. 75 m² i ei gruppe med små campingvogner/spikartelt og små plattingar (som ikkje skal reknast med). Avstand mellom kvar gruppe må vere min. 8 m. For kvart oppstillingsareal på inntil 1000 m², må det vere branngater på min. 6 m på kvar side. Som snittet viser, er dette flatt terreng.

2.4.2 Prinsippskisser mobile konstruksjonar

Mobile konstruksjonar, dvs. campingvogn som raskt kan flyttast og fortelt som raskt kan takast ned, **skal ha min. 3 m mellom einingane**, men helst min. 4 m. Bil kan plasserast mellom campingeingane.


Om mobile einingar byggast utan plattingenr, kan einingar plasserast tettare, sjå illustrasjonen under. Då kan ein i realiteten få inn fleire einingar innafor eit 1000 m² oppstillingsareal og campingtomter kan vere mindre. Men av omsyn til komfortabel avstand mellom naboar - ikkje berre brannsikringsmessig - vil vi tilrå større avstand mellom campingeingingar enn vist på dei tre tomtene på øvste rekke.



Ikkje i målestokk. Mobile konstruksjonar med min. 3 m (bør helst ha min. 4 m) mellom einingane.

2.4.3 Prinsippskisser for faste og mobile konstruksjonar

For spikartelt/hytter som står fast, men som har mobile campingvogner mellom seg, **må det minimum vere 8 m mellom spikartelta**. Eitt vilkår er at campingvognene faktisk lett kan flyttast raskt. Bil kan plasserast mellom campingeingane, så lenge det ikkje er overnatting i bilen. Så lenge totalhøgda på platting+rekkeverk er under 1,5 m over terreng, kan dette stå min. 3 m frå naboeining (helst meir). MEN: kvar for seg skal ikkje platting overstige 0,5 m på tilnærma flatt terreng, og rekkeverk skal ikkje overstige 1 m, jfr. kommuneplanens føresegner.



Ikkje i målestokk. Faste og mobile konstruksjonar med 3 m mellom mobile konstruksjonar og 8 m faste konstruksjonar.


2.4.4 Prinsippskisser for faste konstruksjonar

For faste konstruksjonar (spikartelt, campingvogn/mobile homes som ikkje raskt kan flyttast) skal det vere

- **min 8 m mellom einingane**
- eller
- **brannskiljande konstruksjon EI-30** der avstanden er mindre enn 8 m
- eller
- **evt. andre avbøtande tiltak** som er tilfredsstillande


For platting på terreng utan rekkverk (eller platting under 0,5 m og rekkverk under 1 m høgde) eller utan levegg, kan avstanden mellom platting og naboeining vere mindre enn 8 m, men ikkje mindre enn 3 m.

Min. 8 m mellom faste einingar:



Ikkje i målestokk. Faste konstruksjonar skal ha 8 m mellom einingane. Her er platting på terreng utan levegg. Rekkverk er maks. 1 m høge.


Brannskiljande konstruksjon EI-30 mellom faste einingar



Ikkje i målestokk. Faste konstruksjonar med mindre avstand enn 8 m mellom einingane krev brannskiljande konstruksjon EI-30, her teikna med raudt.


Denne skissa viser korleis brannskiljande konstruksjonar kan og plasserast som frittstående konstruksjonar, til dømes midt mellom campingtomtene. Dette kan virke uroleg i campingbildet, men kan vere ei løysing der ein ønskjer å behalde vindu/lufting i ein etablert situasjon. Frittstående brannskilje-konstruksjonar mellom campingtomtene kan og opne for mindre avstand enn 3 m mellom naboeiningar. 3 m-avstanden er ønskeleg å oppretthalde av omsyn til vedlikehald (grasklipping) og orden mellom campingeinane.

Neste skisse viser dei brannskiljande konstruksjonane i stor grad integrert i spikarteltet/tilbygget, og i avgrensa grad som frittstående element, t.d. ved gavlveggane på campingvogner. I motsetning til skissa over, viser skissa under at konstruksjonane ikkje treng å vere så dominerande eller "forstyrrende" i campingbildet.




Ikkje i målestokk. Faste konstruksjonar med mindre avstand enn 8 m mellom einingane krev brannskiljande konstruksjon EI-30, her teikna stadvis integrert i spikartelt/tilbygg, tak må og ha brannskiljande konstruksjon om det ligg nærare enn 8 m. EI-30 er markert med raudt.


Mellom to einingar som står for tett er det berre naudsynt med brannskiljande konstruksjon på den eine eininga. Campingplasser må vurdere den eininga som er mest hensiktsmessig å ha brannskilje på. I dei høve kor vindu/dør er i aktuelt område, medan naboeining har lukka vegg, er det mest nærliggande at campingplasser krev brannskilje-konstruksjon på den eininga med lukka fasade, men dette må vurderast spesielt i kvart tilfelle.




Skisse 1



Skisse 2



Skisse 3




Skisse 4

Skisse 1: Så lenge takutstikk og rekkverk er under 1 m, gjelder plan- og bygningslova sitt krav om 8 m mellom einingane, i dette høvet frå yttervegg til nabo-yttervegg (hovudkonstruksjon).

Skisse 2: Om takutstikk er over 1 m ut frå fasadeliv eller takutstikket er understøtta av søyler, gjelder 8 m krav frå takutstikkets ytterkant til naboens søyle(-rekke), så lenge rekkverk er under 1 m.

Skisse 3 og 4: Om konstruksjonane ligg tettare enn 8 m, må den del av konstruksjonen som er nærare enn 8 m vere del av brannskiljekonstruksjon EI30. Dette gjeld både yttervegg og yttertak.

2.4.5 Prinsippskisser for brennbar levegg



I høve til Brannvernforeninga si nyleg utgitte temarettleiari for campingplassar, har vi revidert denne rapporten, revisjon B. For at det skal vere samsvar mellom vår rapport og temarettleiaren til Brannvernforeninga, tilrår vi nå følgjande:

Skisse 1:

Skissa viser brennbar levegg lågare enn 1,5 m i ein elles mobil campingeining (flyttbar campingvogn og "vanleg" fortelt av duk). Det blir i dette høvet tilrådd min. 4 m avstand til nabo sin levegg. Dette er ei moderering i høve til tidlegare versjon av vår rettleiingsrapport, der vi før ville ha krevd 8 m avstand for levegg over 1 m.

Skisse 2:

Skissa viser brennbar levegg høgare enn 1,5 m høgde i ein elles mobil campingeining (flyttbar campingvogn og "vanleg" fortelt av duk). Det blir i dette høvet tilrådd min. 8 m avstand til nabo sin levegg. Alternativt må ein inn med branntiltak om avstanden er mindre enn 8 m.

Skisse 3:

Skissa viser brennbar levegg høgare enn 1 m i ein campingeining som er fast (fast campingvogn og/eller tilbygg/isoplastfortelt). Det blir her tilrådd min. 8 m avstand til nabo sin levegg pga dei faste konstruksjonar. Alternativt må ein inn med branntiltak om avstanden er mindre enn 8 m. Legg merke til at med faste konstruksjonar får ein ikkje den "gevinsten" at leveggen kan vere opptil 1,5 m før ein må til med branntiltak.

2.5 Døme på brannskilje-konstruksjon EI-30

EI-30 konstruksjon betyr at konstruksjonen skal motstå ein brann i 30 minuttar før kollaps.

For konstruksjonar i tre, kan ein rekne med 5 cm innbrenning pr. time. Det vil seie at for EI-30 må ein velge konstruksjonar som kan tole 25 mm innbrenning i treverket på begge sider i 30 minuttar før kollaps av konstruksjonen.

Her er døme på moglege løysingar:


- Brannskilje i ytterveggvegg i tre, evt. med brannglas, kan plasserast inntil campingeininga, vere ein del av spikarteltet/hytte, ein del av levegg eller plasserast frittstående mellom einingane.
- Høgda på brannskiljeveggen må vere minst like høgt som høgste* punkt på campingeininga. (Av estetiske omsyn er det ikkje ønskjeleg med skiljevegger som er høgare enn naudsynt.) I tilfelle med spikartelt: *Høgda må vurderast av fagkyndig i kvart tilfelle om frittstående brannskiljevegg må gå opp til t.d. gesims- eller mønehøgda på spikartelt.
- Laftekonstruksjon som brannskilje må minimum ha 100 mm tjukkelse.
- Laftekonstruksjon på standard prefabrikkert hytte/bod (med laftetjukkelse mellom t.d. 21-44 mm) må etterisoleras for å tilfredsstille krav til EI 30. Det bør normalt vere tilstrekkeleg med min. 48 mm ubrennbar isolasjon, anten utvendig eller innvendig.
Utvendig isolering: normalt 2"x 2" (48 x 48 mm) fylles med 48 mm isolasjon, kles med gips plate 9-12 mm, deretter utlekting for luftesjikt og ny ytterkledning ytterst (NB: luftesjikt er viktig, elles får ein råteskader).
Innvendig isolering: normalt 2"x 2" (48 x 48 mm eller 2" x 3") + 48 mm isolasjon og deretter dampsperre + 1 gipsplate 9-12 mm som innvendig overflate.

- Murvegg i same høgde som høgste punkt på campingeininga, i tilfelle med spikartelt, sjå kontrollpunkt over for høgde.
- Brannskiljande konstruksjon i tak (del av spikartelt/hytte, overbygging av campingvogn og uteplass).
- Tresøyle som er del av brannskilje-konstruksjon (t.d. støttar overbygg over mobil campingvogn) kan bestå av limtresøyle eller i dei fleste tilfelle 2 stk 2"x4" (2 stk 50 x 100 med mm) som er samanspikra, sjå gul tekstboks over for krav til innbrenning.

I det følgjande i dette kapitlet er drøfta og/eller vist enkle skisser av godkjende branncelleavgrensande løysingar, teikna/bearbeida m.a. frå utdrag frå SINTEF-Byggforsk sine anvisningar **520.308 og 525.101** frå Byggforskserien.


2.5.1 Frittstående brannskillevegg REI-30 ("levegg"):

- Frittstående brannskiljevegg bør i utgangspunktet byggast opp som ein **ytervegg** (jfr. pkt. 2.4.2) med 100 mm isolasjon (mineralull), men med utvendig kledning på både sider av isolasjonen. Det er viktig at isolasjonen haldast tørr ved å bruke ein tett og rivesterk vindsperre el.l., evt. med sløyfer. Krav vil vere at leveggen er fundamentert stabil i 30 min. ved brann, anten med fundament av betong eller evt. med stålpelar slegne i bakken som "stikk" opp i veggen.
- Ein kan og ha ein **massiv trevegg** av ein viss dimensjon (forankring som nemnd over), men truleg er dette lite aktuelt pga kostnaden knytt til materiala.



Over: Horisontal snitt av frittstående brannskiljevegg REI-30, både liggande og ståande kledning. Isolasjonen skal haldast tørr ved å bruke ein tett og rivesterk vindsperre på både sider av veggen. Veggen er symmetrisk oppbygd.

2.5.2 Berande og branncelleavgrensande yttervegg REI-30 (B30)



Det må minimum vere 100 mm isolasjon (mineralull) for å klare EI-30 kravet.

For dei EI-30 konstruksjonane som ligg inntil ein campingeining til dømes, må ein sørgje for at det er eit **luftsjikt mellom eining og konstruksjon (min. 30 cm)** for ikkje å hindre dei termiske strømingar ved brann, og slik unngå for høg temperatur mellom campingvogn og konstruksjon. Dessutan må det vere plass til å rømme ut gjennom vindaug i campingvogn/spikartelt, slik at den brannskiljande konstruksjonen ikkje må vere til hinder for rømming.

Det beste er å sørgje for at den brannskiljande konstruksjonen blir ein naturleg del av eininga (t.d. i yttervegg på spikartelt/tilbygg/levegg). Dette er viktig å tenke på ved plassering av nye einingar.




Det kan ikkje vere opningsvindaug i brannskiljekonstruksjonen. Teknisk forskrift opnar for mindre vindaug utan brannmotstand i brannvegg om storleiken er mindre enn $0,2 \text{ m}^2$ - i rom med lite brannenergi og der faren for brannsmitte ved varmestraling er liten. Som tidlegare omtalt, er brannsmitta stor frå campingeining til naboeining, og vi konkluderar med at det ikkje skal vere vindaug utan brannmotstand i brannskiljekonstruksjonen ved avstand under 8 m.

2.5.3 Branncelleavgrensande yttertak REI-30 (B30):


Skissene av yttertak, viser her prinsipiell oppbygging av skrått tretak med brannmotstand REI-30 (B30). Sperrer som spenner fritt frå takfot til møne er gunstig fordi innvendige tettesjikt då kan leggest samanhengande.

- Taktekinga må tilfredsstille brannteknisk klasse TA, til dømes takpapp og shingel.
- Mineralullisolasjonen må vere sikra mot å falle ned om innvendig kledning brenn bort, og må vere minimum 100 mm. Slik sikring kan til dømes vere 23 x 48 mm trelekter med senteravstand c/c 400 mm, eller ståltråd/ståltrådnett. Alternativt kan det monterast eit ekstra platelag i himlinga.
- Luftsijkt som kryssar over til anna branncelle må ein tette/bryte med mineralull. Dette er truleg ikkje relevant i denne samanhengen, då det neppe blir kryssing over til anna branncelle.

VERTIKALSNIITT
TAKKONSTRUKSJON EI-30



Branncellebegrensande yttertak EI-30



Det skal vere fast vindaug med brannsikkert glas. Ikkje opningsvindaug.

2.5.4 Brannsikkert glas med brannmotstand EI-30

Skal ein inn med brannsikkert glas med brannmotstand EI-30, må ein rekne med ein **langt høgare kvadratmeter pris** enn anna type glas.

- brannsikkert glas kan settast inn i ein branncelleavgrensande yttervegg, anten i spikartelt/hytte eller i ein frittstående vegg.
- det brannsikre glaset må vere montert i eit fast vindaug, dvs. at vindauget ikkje kan stå i open lufte-stilling.

2.6 Branntiltak for utbetring av dagens og framtidig situasjon

Sjå definisjonar av mobile konstruksjonar i pkt. 1.8.3 og faste konstruksjonar i pkt. 1.9.2, i samband med branntilfelle. Desse definisjonane er lagt til grunn i dei følgjande punkta.

Oppsummering - etter brannforskrift, kommuneplanen og plan- og bygningslova er det følgjande krav:

- Det skal vere ei branngate på 6 m for kvart oppstillingsområde med maks. grunnflate 1000 m².
- Avstandskrav på minst 3 m frå enkeltdel av mobil campingseining til næraste enkeltdel av mobil naboeining. Bil utan overnattingseining kan plasserast i mellomrommet.
- Avstandskrav for plassbygde/faste konstruksjonar er 8 m.
- Branncellebegrensande konstruksjon (EI-30 krav, må tole brann i 30 minuttar før kollaps) må på plass om avstandar er mindre enn definert ovanfor, evt. andre avbøtande tiltak.
- Høgde på branncellebegrensande konstruksjon skal vere minimum lik høgste punkt på eininga.
- Avstandskrav på 8 m mellom faste grupper på inntil 75 m². Inkludert i ei gruppe er areal av campingvogn+fortelt/ spikartelt, men ikkje platting.
- Ved store høgdeskilnader mellom 2 einingar, må ein leggje til grunn ein horisontal avstand på 8 m eller meir.



Horisontalavstand mellom faste konstruksjonar må vere minst 8 m – i dette høvet her på Jemtegård er truleg for liten avstand.

Det følgjande er ikkje relevant for Muri Camping, då det er flatt terreng på campingplassen. Vi har det likevel med i rapporten, då dette er generelt for alle campingplassane i kommunen.

Der ein ikkje skal inn med brannskiljande konstruksjon eller andre avbøtande tiltak, er det i det følgjande vist **horisontale avstandskrav i bratt terreng**:

Skisse 1 (øverst) viser at om rekkverket + plattingen totalt er bygd høgare enn 1,5 m over terreng, så må ein ha min. **8 m frå dette til næraste faste konstruksjon** hos nabo.

(I føresegner for kommuneplanens arealdel er krav om inntil 1 m oppbygging av platting i skrått terreng. Pga krav i byggeforskriftene om sikring mot fallulykker frå konstruksjon min. 0,5 m over terreng, inneber dette at høg treplatting i skrått terreng uansett vil måtte oppførast 8 m frå næraste faste konstruksjon i naboeining, elles må ein kompensere ved andre brannsikringstiltak.) Ein kan "omgå" 8 m krav til avstand, om nederste halvmeter av platting er utført i ubrennbare materialer (t.d. steinsatt el.l.), mens øvre brennbare del av platting (inntil 0,5 m) og rekkverk (inntil 1 m) ikkje overstiger 1,5 m totalhøgde.

Skisse 2 (i midten) viser at om rekkverket + platting er under 1 m over terreng, så er det **frå næraste faste konstruksjon (tilbygg / spikartelt)** ein må **rekne 8 m til næraste fast konstruksjon** hos nabo. Rekkverk + platting kan då stå nærare enn 8 m, men ikkje mindre enn 3 m.


Skisse 3 (nederst) viser at ein kan oppnå tilstrekkeleg avstand ved **god terrengtilpasning av platting**. Platting kan ligge på fleire nivå, evt. avtrappa etter terrenget, slik at høgda av platting+rekkverk ikkje er over 1 m over terreng. Då er avstandskravet min. **3 m til næraste faste konstruksjon (tilbygg/spikartelt)**. Horisontalavstand mellom nederste og øverste rekkverk bør då min. vere 2 m.

Ein må vurdere plassering i bratt terreng nøye.




Skisse 1

Krav om min. 8 m avstand dersom rekkverk > 1 m og platting > 0,5 m, dvs. på det høgste 1,5 m over terreng.



Skisse 2

Krav om min. 3 m avstand dersom rekkverk < 1 m og platting < 0,5 m, dvs. på det høgste mindre enn 1,5 m over terreng.



Skisse 3

Krav om min. 3 m avstand dersom rekkverk < 1 m og platting < 0,5 m, dvs. på det høgste mindre enn 1,5 m over terreng.

2.6.1 Ansvar hos campingplassseigar: Konkrete førebyggjande tiltak

Campingplassseigar må sørgje for å ha ein oversiktleg liste over naudsynte tiltak som leigetakar må halde seg til i samband med leigekontrakta. Dette **bør** vere følgjande:

- Pålegge alle nye leigetakarar å ta omsyn til brannsikringa FØR bygging på campingtomta, først og fremst med rette avstandar, deretter andre tiltak.
- Krav til kvar campingeining om røykvarslar og gassvarslar i kvar del av campingeininga (dvs. både i campingvogn og i tilbygg/fortelt.)
- Krav til brannsløkkeutstyr i kvar campingeining: brannslange og/eller handslokkar, helst brannteppe i tillegg.
- Krav til lett tilgjengeleg trekkandordning på dei campingvogner som skal vere mobile.
- Krav om at areal under campingvogna ikkje blir nytta som lagringsplass, då ein må unngå unødig bruk av tid til rydding før ein kan taue bort campingvogna i høve brann.
- Tilrå platting direkte på terreng (sikrast er heilt nede på terreng, men opp til 0,5 m er heller ikkje så lett antenneleg om det brenn hos nabo.)
- Tilrå rekkverk+platting som totalt er under 1 m høgde over terreng (gir lite strålefare ved brann. Rekkverk høgare enn 1 m blir som levegge å rekne, og strålefaren vert høgare.)
- For oppbygd platting og rekkverk som totalt blir meir enn 1 m i høgde er brannsmittetaren større.
- Tilrå tett rekkverk, som er sikrare enn spile-rekkverk m.o.t. brann (spile-rekkverk er lettare å antenne enn ein tett konstruksjon)
- Plassbygde rekkverk bør ikkje vere forankra i spikartelt eller levegge for å unngå brannsmitte.
- Kreve at alt brennbart byggjeavfall må leverast til godkjend mottak.
- Gjennomføre regelmessig brannøving på campingplass.
- Etablere automatisk brannvarsling for campingplassen.

Avbøtande tiltak:

- Utvendig tørrsprinkling* for dei delområda som har behov for brannsikringstiltak (*fast rør/slange på bakken, som fysisk må tilkoplast vatn ved brann, "vassvegg" som kan berge naboeiningar ved ein brann.) Då det ikkje er gjennomført fullskaletestar ved anerkjend laboratorium som avklarar korleis dette bør utførast, må konkrete løysingar for dette vurderast særskild av fagkyndig/brannprosjekterande for tiltaket/anlegget. Er berre mogleg om vassstilgangen og infrastrukturen er god nok.
- Det har vore drøfta om det er mogleg med automatisk vatning ved brann utløyst av seriekopla brannvarslar, men dette kan vere lite realistisk å få til på ein campingplass.....

2.6.2 Ansvar hos leigetakar: Konkrete førebyggjande tiltak

Kvar leigetakar har og eit viktig ansvar for å unngå brann og ulykker. Leigetakar må derfor setje seg inn i og rette seg etter krav frå campingplassseigar:

- Sørgje for tilstrekkeleg avstand til naboeiningar etter lover og forskrifter.
- Plassering av eininga og utforming av byggjetiltak må vere iht. avtale/leigekontrakt med campingplassinnehavar.
- Utarbeide rett og målsett teikning av byggjetiltak⁴ (plan, snitt og fasadar), som skal innleverast til campingplassseigar for godkjenning.

Vidare er det mange praktiske – og til dels sjølvagte - tiltak ein leigetakar skal ha ansvar for:

- Sørgje for montering av røykvarslar og gassvarslar i campingeininga (både i campingvogn og i telt/spikartelt/tilbygg). Ha gjennomført naudsynt obligatorisk kontroll av utstyr.
- Sørgje for brannsløkkeutstyr. Må kunne kople til eigen brannslange til vasspunkt, og vasslangen må nå alle delar av eininga.
- Det er forbode med open eld el. glødande kol inne i telt eller i nærleiken av teltduk.
- Grill, kokeutstyr m.m må minst vere 1 m frå teltduk.
- Aske må tømmast på sikker stad (eigna askebeholdar som er plassert innanfor dei ulike delområda på campingplassen).

- Det må ikkje vere lagring av materialar m.m. mellom campingtomtane, det skal vere orden og oversikt i 3 m-beltet.
- Propan- og butantankar må aldri plasserast under terrengnivå og skal alltid stå oppreist. Må ikkje utsettast for unormal oppvarming eller sterk solvarme.
- Berre slanger for LPG/propan kan nyttas, med maks. lengde 1,5 m. Slangen må ha datostempling, og må ikkje nyttast om utgått på dato.
- Ved brann må ein stengje for gassen og bringe tanken til trygg stad om mogleg.
- Gassapparat må haldast i god stand. Kontroll og overhaling skal gjerast av forhandlar. Ein skal ikkje reparere defektar sjølv!

2.7 El-tiltak på campingplass

I følgje Elsikkerhet Møre AS⁵ har meir enn 40 % av alle brannar elektrisk årsak. Elsikkerhet Møre viser til DSB sine tal, der langt dei fleste bustadbrannar skjer som følgje av feil ved leidningar/kablar (elektrisk årsak), og ein svært stor del ved feil bruk av komfyrar, kokeplater o.l. Rett bruk av utstyr, samt rett el-utstyr er m.a.o viktige førebyggjande tiltak for å unngå brannar, også på ein campingplass.

2.7.1 Campingplasseigar sitt ansvar til el-tiltak

- Stikkontakt plasserast nær oppstillingsplassen, og ikkje meir enn 20m frå vogn/telt.
- Max 4 stikkontakter i kvar uttakseining.
- Kvar stikkontakt skal ha eigen sikring og eigen jordfeilbrytar.
- Kapslingsgrad IP44, i samsvar med NEK EN 60309-2 og 60529. (Rundstift m/klapplokk.)
- Merkestraum for stikkontakt min. 16A. Stikkontakt med høgare merkestraum skal nyttas der belastninga krev det.
- Minst ein stikkontakt for kvar oppstillingsplass.
- Installasjon av "spikartelt" skal utførast av registrert installatør.
- Internkontroll som skal omfatte vedlikehald av elektriske anlegg. Tilrår avtale med installatør om regelmessig gjennomgang av el-anlegget.
- Campingplasseigar er ansvarlig for å gjere leigetakar merksam på at utstyr som blir tilknytt anlegget må vere godkjent.

2.7.2 Leigetakar sitt ansvar til el-tiltak

- Alt utstyr som blir tilknytt anlegget må vere godkjent.
- Gummikabel av type H07RN-F eller tilsvarande. Max 25m lang.
- Min. 2,5mm² CU for merkestraum 16A.
- Plugg og skøytekontakt i samsvar med NEK EN 60309-2 (Rundstift).
- Og tilslutt: Fornuftig bruk av utstyr!

⁴ Leigetakar må sjølv sørgje for eigen søknad om tiltak til kommunen (evt. dispensasjon) om leigetakar ønskjer anna utforming enn det som leggst til grunn her.

⁵ Elsikkerhet Møre AS holdt eit innlegg på eit brannmøte 10.02.2010 med campingplasseigarar i Norddal kommune tilstades saman med Ålesund brannvesen, Norddal kommune og representantar frå Nordplan. Pkt. 2.7.1 og 2.7.2 er utdrag frå dette innlegg.

3 Andre tiltak

3.1 Estetiske tiltak

"Bygg, anlegg og uteområde skal tilfredsstillende rimelege estetiske omsyn både i seg sjølv og i høve til omgjevnadane. Tiltak skal ha ei god estetisk utforming i samsvar med funksjon og med respekt for naturgitte og bygde omgjevnader. Skjemmande fargar skal ikkje tillatast."

Dette er ofte nytta standard-tekst for vurdering av byggesaker og reguleringssaker, men er likevel overførbar på campingområde. Som nemnt tidlegare er det vanskeleg å gjennomføre gode estetiske tiltak fullt ut på campingplassar, men som eit minimum må det tilstrebast følgjande, sjå punkta under:

3.1.1 Tiltak vedkomande fargebruk, storleik, rekkverk m.m.

Storleik og farge kan vere med på å gjere eit tiltak meir dominerande enn naudsynt. Her er nokre tiltak, som campingplassseigar kan krevje at leigetakar tek omsyn til:

- Fargar på fortelt/ spikartelt må vere nøytrale og avdempa, samt tilpassa campingvogna og øvrige omgjevnader i størst mogleg grad.
- Platting skal vere på terreng, og ikkje oppbygd meir enn 0,5 m i skrått terreng. Evt. rekkverk skal ikkje vere høgare enn 1 m.
- Leveggar skal ikkje vere for dominerande/høge, maks. 1,8 m og ikkje meir enn 10 m samla lengde.
- Platting heilt nede på terreng utan rekkverk/levegg kan leggst inntil 1,5 m frå tomtegrensa, og ha fri storleik. Dette gjeld og ved bruk av belegningsstein og liknande.
- Platting 0,5 m over terreng og/eller med rekkverk/levegg skal vere tilpassa campingeininga, skal ikkje vere lenger enn vogna og maks. 3,0 m ut frå fortelt/ spikartelt. Maks. 30 m² platting utanfor fortelt/spikartelt/tilbygg.

Muri camping:



Lyst isotelt med stor inngjerda uteplass. Høge leveggar og "hyttepreg".



Lyst isotelt og mørke leveggar.



Generelt bilde av campingplassen: i all hovudsak eit klart camping-preg med synlege campingvogner og fortelt/isotelt.

3.1.2 Tilråding mobile homes (villavogner)

Då det ikkje er villavogner på Muri, er ikkje dette punktet særleg relevant for denne campingplassen akkurat no. Vi har det likevel med i denne rapporten, då dette er eit generelt tema som gjeld på alle campingplassane i Norddal kommune.

Det stod i første utkast til kommuneplanens føresegner at såkalla "mobile homes" ikkje skal tillatast. Bakgrunnen for dette var at mobile homes (villavogner) er større enn vanlege campingvogner, og at i bratt terreng blir tilhøyrande plattingar, tilbygg og andre tiltak meir ruvande og dominerande enn med mindre einingar. Etter ei nærare vurdering meiner vi at ein **likevel bør kunne tillate villavogner der terrenget ligg til rette for det, dvs. der det er flatt.** På campingplassane i Norddal kommune er det fleire døme på løysing med villavogner som ligg på tilnærma flatt terreng, og som estetisk sett fungerer. Kommuneplanen sine føresegner er difor revidert, og villavogner tillatt.

I andre delar av verda er gjerne slike einingar meir permanente som bustad enn det vi ser her i Nord-Europa. Dei har difor gjerne ein storleik som overgår dei største campingvognene, dei kan ha ein storleik på 3,7 m x 12 m, og utskytbare karnapp kan kome i tillegg til dette. Dette gir opp mot 45 m² eller meir for sjølv hovedbygget. I tillegg kjem det ofte store plattingar og overbygde uteplassar eller spikartelt/tilbygg inntil mobile homes.

Ved ny-etablering av einingar med villavogner må det særleg takast omsyn til følgjande:

- Storleiken på villavognene må avpassast i høve til naboeiningar og campingtomta. Store konstruksjonar i tillegg (platting/ gjerder/levegger) må avgrensast slik at ikkje eininga blir for dominerande på campingplassen. Villavogn skal ikkje ha tilbygg.
- Terrenget må vere eigna til ein slik storleik, dvs. flatt. Ein må unngå store terrenginngrep eller skjemmande oppbygging.



Oppbygging av platting og villavogn i skrånande terreng på Vika camping. Ideelt sett burde vogna vore plassert parallelt med skråninga i staden for vinkelrett på.



Villavogn på Jemtegård Feriesenter, liggande på tilnærma flatt terreng.

Oppsummering mobile homes (villavogner):

Ved etablering av nye mobile homes på campingplassar er det ikkje naudsynt med særskild byggjesøknad til kommunen. Det stillast vilkår om at det ikkje er tillate med tilbygg/fortelt/overbygg i tillegg til sjølv volumet "mobile homes", og at plattingen skal vere maks. 30 m.² Eininga skal stå på flatt terreng, og med krav til rekkverk og leveggar som for øvrige campingeiningar.

Naudsynte brannsikringstiltak må gjennomførast uansett. Alle nye tiltak må halde seg til campingføresegner og retningslinjer i kommuneplanen. Etablert eining med villavogn og tilbygg kan ikkje utvidast, det blir å sjå som eit nytt tiltak.

3.2 Vegetasjonstiltak

Grøne belte/vegetasjon kan ved riktig skjøtsel vere ein trivsels-fremjande faktor, med relativt liten eigeninnsats. Vegetasjon kan og i seg sjølv vere med å danne ein gunstig brann-skjerm, i alle fall om ein ved brann vatnar den godt i heile høgda slik at den blir ein fuktig ”brannskille”. Det er imidlertid viktig at denne vegetasjonsskjermen ikkje blir for stor – det bør vere ein lavt-veksande hekk, ikkje store tre eller nåletre (nåletre brenn lettare). Ein bør velje vegetasjon som er allergivennleg.

JA:	NEI:
Lavtveksande hekk	Ikkje store tre el. t.d. tuja-hekk
Lauvtre	Nåletre
Allergivenlege typar	

4 Dagens situasjon

4.1 Prosess/medverknad

4.1.1 Plankrav

Ved arbeidet med kommuneplanen (2008) har det for campingplassane i tillegg til det estetiske vore fokus på brannsikringstiltak.

Som nemnd er delar av kommuneplanens arealdel no under justering som følgje av flodbølgjeproblematikken. Campingplassane i Norddal kommune skal i samband med dette vurderast under eitt.

For nye campingplassar skal det vere krav til regulering. For dei etablerte campingplassane er det krav om ein situasjonsplan med utgangspunkt i dagens situasjon, tilpassa brannforskrifter. Norddal kommune ønskjer at dei etablerte campingplassane skal halde fram med vidare drift, og vårt oppdrag er å kome med **forslag til forbetring**. Vi legg til grunn brannforskrifter og plan- og bygningslova i arbeidet, og moglege trivselsfremjande tiltak.

4.1.2 Planvedtak og verknad

Vi vil rå til at vårt arbeid (situasjonsplan med rapport) blir knytt opp mot dei reviderte campingføresegner i kommuneplanen.

Deretter vil vi rå til at rapport med situasjonsplan for Muri camping blir konkret handsama og vedtatt i planutvalet, slik at dette blir bindande for partane. Rapport med situasjonsplan kan vere eit grunnlag for utarbeiding av ein systemplan (jfr. brannvesenet sitt krav til systemplan for brannvern) for den enkelte campingplass.

4.1.3 Medverknad Muri Camping

Den 24. februar 2011 var Norddal kommune v/ Lars Kjell Smoge og Nordplan v/ Lesley Robinson og innleid konsulent Grete Valen Blindheim på synfaring ved Muri. Campingplasseigar blei forhindra frå å følgje oss rundt pga sjukdom. Undervegs i synfaringa registrerte Nordplan tilhøva på staden ved fotografering og notater.

(Den xx.xx.xx blei det halde eit møte med campingplasseigarar for drøfting av innhaldet i dette planheftet og situasjonsplanen.)

4.1.4 Medverknad frå Ålesund brannvesen

Ålesund Brannvesen v/ Johnny Stølen er blitt forelagt denne rapporten, samt situasjonsplan og kartleggingsplan for Muri camping. Rapporten er i samsvar med brannvesenet sine krav.

4.2 Bruk av området i dag

Ortofoto-kartet under viser utviklinga av Muri camping, der landbruksareal gradvis er blitt nytta til camping.



Sentrumsnære areal, tidlegare dyrka mark, i bruk som campingplass. Område 1 er opprinneleg regulert campingplass, område 2 er utvida del (ikkje regulert).

4.3 Registreringar på Muri camping og tilliggande areal

Dersom campingplassen skal utvidast utover dagens situasjon, må det utarbeidast ein ny regulering/omregulering for det aktuelle området, i tråd med føresegna i kommuneplanen. Campingplassen er allereie utvida utover det som er regulert til campingplass i gjeldande regulering, slik at det er ca. 190 campingeiiningar totalt, medan ca. 110 stk ligg innanfor regulert område.

4.3.1 Generelt om Muri

Campingplassen på Muri er på **gnr./bnr. Xx/x** i Valldal sentrum, vest for elva Valldøla.

Ein av dei som driftar campingplassen bur i våningshuset på garden, ved innkøyringa til campingplassen.

Oppstillingsområda har i dag fleire vassuttak og strømuttak. Einingane er plassert relativt tett. Det er ikkje gjort terrenginngrep i marka campingplassen er på, med unntak av internvegane.

4.3.2 Funksjonar innanfor Muri

- Resepsjon/"informasjons-huset"
- Sanitærhus/"Brusehuset"
- Leikeareal med leikeapparat
- 5 små utleigehytter og 4 store utleigehytter
- Ca. 190-200 campingtomter – langtidsleige
- Temporære bubilplassar
- Båttutleige
- Parkering
- Avfallsstasjonar



Kiosk/resepsjon.



Leikeareal foran sanitærhuset.



Små og store utleigehytter.



Avfallsstasjon

4.3.3 Tomtestorleik og avstandar mellom einingar

Typisk for Muri camping er ein stram struktur og tett plassering av campingtomter på rad og rekke. I hovudsak kan det sjå ut til at det er 3 m avstand mellom einingane på same rekke. Mellom kvar rekke er det større avstand.



4.3.4 Arealutnytting og landskap

Muri camping er utvida gradvis, der landbruksarealet på garden er erstatta med campingtomter. Campingplassen har difor flate parti (tidlegare dyrka mark) som er godt eigna for camping.



4.3.5 Friluftsinnteresser

Det er gode tur- og rekreasjonsområde i nærområdet, både til lands og til sjøs. Det er kort veg til sentrum av Valldal, til badestrand, parkområde ved sjøkanten i sentrum, småbåthamn, samt turvegar mot Linge og fruktgardane mot sør-vest. Det er båtutleige i regi av campingplassen.

4.3.6 Vegetasjon

Campingplassen/garden er til dels omslutta av vegetasjonsfelt, som t.d. mot elva i aust og nokre parti i grensa mot vest. Nokre campingleigetakarar plantar sjølve blomar og buskar ved plattingen sin. Innimellom er det noko vegetasjon/tre frå gammalt av, med for det meste er det lite vegetasjon innanfor campingplassen.



Opprinneleg gammalt tre på bildet over.



4.3.7 Verneinteresser

Området har verdi som kulturlandskap, men bruk av areala til camping er ikkje til hinder for tilbakeføring til opprinneleg landbruk, om det er aktuelt. Det er ikkje kjent automatisk freda kulturminne innan campingplassområdet.

4.3.8 Intern infrastruktur

På Muri Camping er tilkomstvegen og hovud-internvegane asfalterte, medan dei sekundære internvegane berre er ein del av den grønne strukturen (plen) mellom dei ulike campingtomtene.



Bildet over: Tilkomstveg inn i Muri Camping, asfaltert hovud-internveg.

Bildet under: asfaltert hovud-internveg.



Sekundær-internveg direkte på plen innimellom campingtomtene.

4.3.9 Barns interesser

Det er ein leikeplass på campingplassen, denne ligg like ved “Brusehuset” service/sanitærbygget. Det er kort veg til badestrand, Tafjord friluftsbad og andre fritidssyslar i nærområdet.

4.3.10 Estetikk og byggeskikk

Ein kan ikkje tenke estetikk i ”vanleg” forstand på ein campingplass, dvs. ikkje på same måte som i eit byggeområde. Men ein kan likevel oppnå bra og mindre bra område, der stikkord er heilskapleg tenking, farge- og materialval, terrengtilpassing, bevisst bruk av vegetasjon m.a.

På Muri, som på dei fleste av campingplassane i Valldal, har mange av campingplassbuarane hatt fast plass i fleire år av gangen, nokre så lenge som 20 år tilbake. Men i motsetnad til mange andre campingplassar i Norddal kommune, er det på Muri eit einsarta uttrykk på campingeingane og i stor grad nøytrale, lyse fargar.



Det er ein overvekt av isoplast fortelt på Muri Camping, sjå bildet over og under.



Campingplasseigar har tydeleg vore “streng” i høve til kva som er tillate å oppføre. Det er t.d. ikke spikartelt i vanleg forstand (tre-bygg), anna enn bod og overbygde areal i samband med dei enkelte uteareala. Det er på Muri ein overvekt av isoplast fortelt knytta til campingvogn, i tillegg til mange vanlege fortelt av seilduk. Og ingen innebygde/overbygde campingvogner.



Dette er med på å gi Muri eit klart campingplass-preg, ikkje så mykje “hyttepreg” som ein kan sjå på mange av dei andre campingplassane. Fargebruken er nokså samstemd, ved at det i hovudsak er lyse fargar som går igjen på både campingvogn, isoplast fortelt og rekkverk/levegge.



Pga det flate terrenget er det heller ikkje store terrenginngrep, og det er ikkje praksis med store oppbygde plattingar eller campingvogn på “stillas”. Campingplassen er i så måte eit godt døme på ein plass med homogen samling av campingeiningar, som framleis står fram som campingplass med synlege campingvogner.

4.3.11 Leigeavtale

På Muri er det sesongleige på campingplassen, med hovudvekt på at sesongen varar frå mars/april (t.d. påske) til september/oktober. I tillegg er det mange som ønskjer å la vogn og isoplast fortelt stå vinteren over. Som oftast ønskjer leigetakarane å bli buande på same tomt år etter år. Det er i all hovudsak langvarige leigeforhold. Det er av Nordplan utarbeida eit forslag til standard vedlegg til leigekontrakt, som ein vil tilrå at alle campingplassar i Norddal kommune tar i bruk.

5 Brannsikringstiltak Muri camping

Det må bli stilt dei same krava til Muri camping som elles på campingplassane i Norddal kommune. Iht. avklaring med Ålesund brannvesen 25.10.10 gjeld 6 m sikringssone/ branngate i område der ein ikkje skal tillate spikartelt. Realiteten på Muri camping er i hovudsak faste konstruksjonar (isoplast fortelt som pr definisjon er som spikartelt å rekne, sjå pkt. 1.9). I tillegg er det og ein del vanlege fortelt i duk, dvs. mobile konstruksjonar. I følgje brannvesenet bør ein likevel prøve å tilpasse 6 m branngate pr. 1000 m²- strukturen.

5.1 Aktuelle tiltak på Muri camping

Ved ein gjennomgang av dagens situasjon på Muri (synfaringa 24.02.2011, samt ei ny synfaring 23.05.2011), er det nokre delområde på campingplassen som er betre enn andre i høve til avstand mellom brennbart materiale og faste konstruksjonar. Som situasjonsplanen viser, er det relativt tett mellom einingane, og ein god del plassar blir det naudsynt å gjere tiltak, i form av brannskiljeavgrensande konstruksjonar eller andre avbøtande tiltak. Ein føresetnad for alle vogner som ikkje er inne-/overbygde er at dei er mobile i høve til brann. For at dei skal vere mobile i brannsamanheng betyr at dei må lett kunne flyttast i løpet av 5-10 minuttar. Dette inneber m.a. at det ikkje kan lagrast ting under og rundt vogna, og at ein må unngå innebygging av understellet.

Pga Omfanget av tiltak er det campingplasseigar som sjølv må avgjere, ein må velje det nivået ein skal leggje seg på:

Alternativet til brannkonstruksjonar er altså å leggje opp til mobile einingar eller å fjerne campingtomter for å få dei naudsynte avstandar mellom einingane der det er for trangt i mellom (nokså mange plassar). I tillegg til god brannsikring, vil fjerning av tomter gi gode utearealer og "behageleg" avstand til naboen. Ut frå det fotomaterialet vi har, kan dette sjå ut til å dreie seg om **omlag 30 tomter?**.

5.1.1 Metode utarbeiding situasjonsplan for Muri

Nordplan har ved registrering av dagens situasjon (pr. 24.02.11 og 23.05.11) ikkje gjort nøyaktige målingar av avstandar mellom campingeingingar.

Vi tar derfor atterhald om nøyaktighetsgraden til situasjonsplanen. Den viser prinsippet og i all hovudsak korleis situasjonen er på Muri.

5.1.2 Vurdering av situasjonsplan for Muri

Vi vil påpeike at det er campingplasseigar sitt ansvar å sørge for at dei rette avstandskrava blir gjort gjeldande, eller at naudsynte brannsikringstiltak blir utført der avstandar ikkje er tilstrekkelege. **Vi tilrår at campingplasseigar kontrollerar dei campingeingingar som kan vere i strid med krava, og at vedlagte situasjonsplan nyttas som eit hjelpemiddel, ikkje endeleg svar.**

Muri er som tidlegare nemnd ein campingplass med relativt tett plassering av campingeingingar.

Som vår situasjonsplan viser har vi valt å dele inn området i campingkvartal (oppstillingsområde markert med raude linjer rundt). Dei fleste av campingeingingane har funne si plass innanfor eit campingkvartal som er under 1000 m² og med tilnærma 6 m sikringssone/branngate til neste campingkvartal, dvs. iht. krava. **Husk å sjekke opp mot Gretes plan!**

Vi har lagt inn forslag til plassering av brannskilje-konstruksjonar, differensiert med heiltrekt strek der vi er rimeleg sikre på behovet for branntiltak, og stipla linje der vi er usikre på behov for brannsikring. **Husk å sjekke opp mot Gretes plan!**

I følgje Ålesund brannvesen er det ikkje storleiken på campingkvartalet som er det vesentlegaste, det er snarare viktig å unngå for mange campingeingingar innan kvart kvartal.

For dei kvartala som ligg yst på campingplassen kan ein tole ei overskriding av areal lettare enn i eit kvartal som ligg midt bland andre kvartal. **Husk å sjekke opp mot Gretes plan**


Kartleggingsplan og forslag til brannsikring, med ortofoto som bakgrunn. Kartet er nedskalert, og ikkje i målestokk:

Viser eksisterande faste og mobile konstruksjonar i etablert del av camping-plassen, samt kor ein må rekne med å måtte gjere brannsikringstiltak.

Dei raude rektangla er faste konstruksjonar, medan dei gule er mobile. I grove trekk ser ein at det er mange delområde med mobile konstruksjonar.


NB! Kartet er meint å vere eit **prinsipp-kart**, og **campingplassseigar har sjølv ansvar for å kontrollere camping-plassen** for å sjå til at naudsynte branngater har min. 6 m breidde, om avstands-krava mellom campingeiningane er teken vare på, eller om det må inn fleire brannsikringstiltak enn vist her.

Der Nordplan har vore i tvil har vi teikna inn stipla linje.



KARTLEGGINGSPLAN


Kartleggingsplan og
forslag til brannsikring –
dette er same kart som på
forrige side, men utan
ortofoto for at det skal
vere lettare å lese.



Situasjonsplanen viser alle campingkvartala. Eitt av dei største (over 1300 m²), E3, ligg mot nord. Saman med E1 og E2 gir dette eit nokså tett og stort område med behov for tiltak.

Kartet er nedskalert, og ikkje i målestokk.

NB! Kartet er meint å vere eit **prinsipp-kart**, og **campingplassaigar har sjølv ansvar for å kontrollere campingplassen** for å sjå til at naudsynte branngater har min. 6 m breidde, og at storleiken på campingkvartala er mindre enn eller tilnærma 1000 m².



5.1.3 Utfordring i delområde x

Sjekk Gretes plan!!!

For område E3 må ein ta spesielle omsyn. Dette campingkvartalet er på over 1300 m², og inneheld mange campingeiningar. I tillegg har det utfordringar i høve branntiltak om ein skal halde på dagens etablerte campingeiningar, særleg pga sin nærleik til E1 og E2. E1 og E2 har i seg sjølv behov for fleire branntiltak, noko som er ein uheldig kombinasjon med E3. E3 kunne med fordel ha vore redusert, eller delt i 2 ulike delområde med branngate mellom. Her må campingplasseigar vurdere om ein på sikt skal fjerne ei campingtomt, eller forskyve nokre litt slik at ein får større avstand mellom campingeiningane.

5.1.4 Oppsummering situasjonsplan Muri camping.

Det kan for campingplasseigar virke drastisk å fjerne om lag xx tomter frå Muri, og vi har i planen (sjå planar etter pkt. 5.1.2) lagt opp til konkrete tiltak som skal gi tilfredsstillande løysing utan fjerning av tomter.

På sikt kan det likevel vere hensiktsmessig for campingplasseigarane å fjerne nokre tomter etterkvart som leigeavtalene går ut, slik at ein unngår behov for brannsikringstiltak, og får gode avstandar mellom einingane.

Det er så vidt vi kan sjå ikkje aktuelt å dele inn i grupper av bebygd areal på maks 75 m² då dei fleste campingeiningane er for store til at det har nokon hensikt.

6 Vedlegg: Føresegner til kommuneplanen

DEL 1 – FØRESEGNER (rev. XX.xx.xx) MED RETNINGSLINJE

Føresegner i kommuneplanens arealdel gjeld framtidig arealbruk og er bindande for nye tiltak og utvidingar iht. PBL §11-6.

1. Krav om regulering iht. PBL §11-9, 1. ledd:

Utviding av etablert campingplass eller ny campingplass utløysar krav om regulering.

Ved krav om regulering skal inndeling av område for permanente og mellombelse campingvognplassar vere vist. Mellom oppstillingsområda med grunnareal maksimum 1000 m², må det minst vere eit 6 m breitt ope felt (ei open sikringssone/branngate utan parkering av køyretøy eller anna).

Retningslinje til pkt. 1:

Det stillast ikkje krav til regulering av allereie etablerte campingplassar. For etablerte og nye campingplassar skal det ligge føre ein bindande situasjonsplan som viser campingkvartal, tilkomstvegar og branngater. Situasjonsplanen skal godkjennast av Planutvalet i Norddal kommune.

2. Krav til universell utforming iht. PBL §11-9, 5. ledd:

Det skal vere universell utforming av tilkomstvegar og internvegar på campingplass, samt sanitærbygg og liknande bygg/areal med felles funksjonar til bruk for gjestar. Brannsikringsutstyr på campingplass må vere tilgjengeleg for alle.

Retningslinje til pkt. 2:

Krav til universell utforming gjeld alle nye campingplassar eller utviding av eksisterande. Tilgjengeleg brannsikringsutstyr gjeld alle campingplassar, også etablerte.

3. Krav til miljøkvalitet, estetikk, natur, landskap og grønstruktur, herunder om mellombelse og flyttbare konstruksjonar og anlegg iht. PBL §11-9, 6. ledd

3.1. Campingområda kan nyttast til telting, oppstilling av bubilar, campingvogner med fortelt/tilbygg, toalett- og servicebygg og evt. andre funksjonar for trivselsfremmande tiltak på campingplass.

3.2. Villavogner (mobile homes) kan plasserast innanfor campingområda, på vilkår av at dei blir plassert på flatt terreng. Av omsyn til storleiken på eininga er det ikkje tillatt med tilbygg/overbygg i tilknytning til villavogner.

3.3. Tilbygg/spikartelt kan etablerast langs campingvogna, men skal ikkje vere lengre enn vogna. Maksimal breidde er sett til 3 meter ut frå vogna. Overbygg kan maksimalt vere 30 cm over høgste punktet innan eininga. Tiltak må vere estetisk godt utforma. Fargebruken skal avstemmast etter vogna for å gi det eit mest mogleg nøytralt preg.

3.4. For høgder over terreng skal ein måle frå terreng til plattingen sitt høgste punkt, og ikkje i høve til gjennomsnittleg terrengnivå.

Retningslinje til pkt. 3.4:

Ein målar frå overkant av platting til underliggende terreng, på den staden dette gir maksimal høgde opp frå fysisk terreng.

3.5. Platting som ligg direkte på terreng og som ikkje har rekkverk eller leveggjar, kan plasserast inntil 3 m frå naboeining, med fri storleik.

Retningslinje til pkt. 3.5:

“Direkte på terreng” er å forstå slik at overkant på plattingen ligg marginalt over omkringliggende terrengnivå. Platting skal fortrinnsvis liggje på terreng. Platting med rekkverk og leveggjar kan virke meir dominerande i campingbildet enn ei platting på terreng utan rekkverk, difor er fri storleik gitt sistnemnde.

3.6. Platting med rekkverk og leveggar, (overkant platting maks. 0,5 m over terreng), kan etablerast i heile campingvogna si lengde og maks. 3 m ut frå spikartelt/tilbygg/fortelt. Totalt areal (ekskl. areal under spikartelt/tilbygg m.m.) skal uansett ikkje overstige 30 m².

3.7. Terrengbearbeiding er ikkje tillate. I skrått terreng kan maks. høgde frå platting til terreng ikkje overstige 1 m.

Retningslinje til pkt 3.7:

For oppfylling/inngrep i terreng skal tiltakshavar søke om dispensasjon til kommunen, men berre om campingplasseigar har gitt løyve til tiltaket først.

3.8. Rekkverk skal ikkje vere høgare enn maks. 1 m, og leveggar skal ikkje vere høgare enn maks. 1,8 m i inntil 10 m samla lengde. Av omsyn til estetikk og tilpassing, må tiltaket ikkje vere for dominerande.

DEL 2 – GENERELLE RETNINGSLINJE

4. Søknadsplikt

4.1. Det skal søkast om løyve til etablering av faste konstruksjonar som tilbygg/overbygg/spikartelt/fortelt, rekkverk/leveggar, samt platting høgare enn 0,5 m (iht. PBL §20-1 og §20-2). Det er tiltakshavar (dvs. campingplassleigetakar) sitt ansvar å utarbeide naudsynt dokumentasjon som situasjonskart, målsette teikningar (plan, snitt og fasadar) i samsvar med føresegner i arealdelen til kommuneplanen og i tråd med krav i PBL vedkomande byggjesøknad. Dokumentasjonen skal sendast til campingplasseigar for eigengodkjenning før oppføring av tiltak. Dokumentasjonen skal og gjere greie for tiltaket si terrengtilpassing. Campingplasseigar sender fortløpande gjenpart til kommunen for tiltak det er gitt løyve til (eigengodkjenning ved campingplasseigar), med all dokumentasjon.

4.2. For tiltak som ikkje er i tråd med føresegnene i kommuneplanen, må tiltakshavar sende søknad om dispensasjon til kommunen, iht. PBL § 19. Campingplasseigar må først eigengodkjenne tiltaket. Om

campingplasseigar ikkje vil gi løyve til tiltak som er i strid med føresegna, skal heller ikkje kommunen gi løyve til tiltaket. Tiltaket kan ikkje tilsidesette viktige avstandskrav eller andre krav til brannsikring.

5. Tekniske krav:

5.1. Iht. PBL §29-5 skal eitkvart tiltak oppfylle krav til tryggleik, helse, miljø og energi og slik at vern av liv og materielle verdiar blir ivareteke. Alle campingplassar skal ha tilfredsstillande brannsikring i samsvar med gjeldande regelverk.

Materiell for brannsløkking skal fordelast utover campingplassen iht. plassen sin systemplan for brannsikring. I kvar campingeining skal det vere røyk- og gassvarslar, og tilstrekkeleg brannsløkkeutstyr som kan nyttast innan heile campingeininga.

5.2. Campingvogner som skal definerast som mobile må ha påmonterte hjul og kunne fraktast på eigne hjul med eigna køyretøy. Trekkanordninga på campingvogna må vere plassert slik at den er lett tilgjengeleg i fall vogna må fjernast raskt i høve brann eller anna ulykkeshending.

5.3. Avstand mellom kvar campingeining med mobil vogn og/eller mobilt telt, skal vere minst 3 m frå enkeltdel av campingeining til næraste enkeltdel av naboeining.

Det blir tilrådd ein avstand på minst 4 m pga forventa endringar frå EU om auka krav til avstand mellom mobile einingar.

Bil utan overnattingseining kan plasserast i mellomrommet mellom to campingeiningar uavhengig av om det er mellom mobile eller faste einingar.

5.4. Avstand mellom kvar campingeining med fast vogn og/eller spikartelt/tilbygg, jfr. byggt teknisk forskrift §11-6, skal vere minst 8 m, elles må andre brannsikringstiltak gjennomførast.

Brannskiljekonstruksjonar må ha den høgda som er naudsynt for å fungere som brannskilje (maks. opptil høgste punkt på eininga).

- 5.5. Iht. byggteknisk forskrift §11-6, 3. ledd 3 kan lave byggverk oppføres med mindre avstand enn 8 m, forutsatt at bygga sine samla bruttoareal er begrensa.

Iht. tidlegare byggeforskrift frå 1987, samt Byggforsk sine tilrådingar i anvisningsdetalj 386.005 vedkomande campingplassar, skal konstruksjonar og/eller platting med rekkverk/leveggar ha ein innbyrdes avstand på 8 m for kvar gruppe med samla areal på 75 m², elles må andre brannsikringstiltak gjennomførast. I arealberekninga skal ein ta med vogn, tilbygg/spikartelt og platting. Platting direkte på terreng med rekkverk under 1 m skal ikkje reknast med i arealet. Iht. Statens Byggtekniske Etat er ikkje byggforskifta si paragraf §11-6 særleg relevant på dagens campingplassar, då bueiningar/campinghytter er så store at ein ikkje får nokon fordel av det som var intensjonen i 1987. Med begrepet "begrensa" i denne samanheng, må ein forstå som eit maksimum eit samla areal på 75 m².

6. Eksisterande situasjon

Ein kan ikkje setje til side krav til tryggleik (som brannsikringstiltak m.a.) For eksisterande tiltak som er i strid med føresegnar gitt eller i medhold av PBL, og der det er naudsynt med utbetring for å ivareta tryggleiken på campingplassane, kan kommunen gi pålegg om utbetring og retting, iht. PBL §31-4 og §32-3. I tillegg har kommunen myndigheit med heimel i "Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykke med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (Brann- og eksplosjonslova)".

Tryggleiken for campinggjestane må ha høgste prioritet. For etablert situasjon som er i strid med PBL, gjeld ei overgangsordning på 2 år frå føresegna er vedtekne til tiltaket må vere i tråd med føresegna. Campingplassseigar skal i samband med etablering, endring eller fornying av leigekontraktar krevje at leigetakar tilpassar seg desse føresegnar og retningslinje, samt regelverket for øvrig. Campingplassseigar må elles sørgje for å opplyse alle etablerte leigetakarar om endra føresegnar slik at krava til tryggleik blir teke vare på.*

** Om Brannvesenet ved branntilsyn av campingplassen finn tiltak som kan medføre ein uakseptabel risiko i høve brann, har Brannvesenet heimel til å gi pålegg om utbetring før ovannemnde overgangsordning på 2 år er omme.*

7 Vedlegg teikningar/kart

Situasjonsplan for etablert del av campingplass:

- Kartleggingsplan med ortofoto
- Kartleggingsplan utan ortofoto
- Situasjonsplan med campingkvartal, branngater og tilkomstvegar

Situasjonsplan for nyleg utvida del av campingplass:

- Situasjonsplan med ortofoto: branngater, tomtestruktur og plassering av campingeining med byggegrenser

8 Kjelder/bakgrunnsstoff

- Plan- og bygningslova, teknisk forskrift 2010
- Forskrift om brannførebyggande tiltak 2004
- Masteroppgave 2005, Roar Askeland: "Spikertelt og plattinger – om regulering av tilbygg med mer rundt fastplasserte vogner på campingplasser."
- Problemnotat 2010 frå Norsk brannvernforening "Når blir en campingvogn en hytte eller et hus?"
- Veiledning 2010: "I 003 Temaveiledning fra Norsk brannvernforening – Brannsikkerhet på campingplasser, arbeidsleire og teltleire."
- Campingplassveileder frå 2000 utarbeida for Rogaland fylkeskommune.
- Statens bygningstekniske etat – interaktive nettside i 2004 – Sigurd Hoelsbrekken med innlegg om spikartelt.
- Diverse materiale samla frå Nordplan v/Heidi Hansen sitt arbeid med arealdelen av Norddal kommuneplan.
- Drøftingar i møtar, og registrering under synfaringar.